



# Program for **Raudt Voss** 2023 - 2027



1. Sidsel Vinsand

3. Tore Eikeland

2. Bridget Penny

4. Hilde Johannessen

**FOR RETTFERD - MOT FORSKJELLS-NOREG!**

# **Yt etter evne – få etter behov**

Forskjellane i Noreg har auka sidan 1980-talet. Raudt meiner at eit samfunn med store skilnader er eit dårlegare samfunn for alle. Dagens samfunn byggjer på kapitalismen, der alt vert produsert og seld etter profitmotiv. Raudt kjempar mot det kapitalistiske systemet og for eit sosialistisk samfunn som tek utgangspunkt i folk sine behov og naturen sine premissar. Det viktigaste verktøyet for å få gjennomført Raudt sin politikk er folk sin eigen innsats. Derfor arbeider Raudt for at folk skal vera aktivt med og styre sin eigen kvardag, eit samfunn der folk yter etter evne og får etter behov.

## **Toppkandidatane våre**



### **1. Sidsel Vinsand**

Hjartesakene mine er landbruk tufta på lokale ressursar - og kamp mot forskjells-Noreg

### **2. Bridget Penny**

Mine hjartesaker er tenlege kommunale tenester, god beredskap, og eit rikt kulturliv

### **3. Tore Eikeland**

Eg vil kjempa for auka statlege overføringer for å sikra realistiske budsjett

### **4. Hilde Johannessen**

Mine hjartesaker er vern av naturen, jord- og skogvern og sirkulærøkonomi

## **Voss – meir enn sentrum**

Raudt Voss vil kjempa for livsgrunnlaget der folk bur. Derfor går me mot nedlegging av offentlege tenester i grendene og ynskjer å byggja opp kollektivtrafikken og infrastrukturen. Me er for bustadutvikling i grendene og stiller oss positivt til nye bustadfelt utanfor sentrum så lenge det ikkje går på kostnad av dyrka mark eller særlege naturinteresser.

Store varehus og kjøpesenter utanfor sentrums-kjernen har ført til at fleire butikklokale står tomme. Raudt Voss meiner dette er uheldig. Me ynskjer fokus på meir enn handel og vil jobba for aktive møtestader og levande sentrum der det skal vera godt å bu og opphalda seg, både på Vangen og i grendene.

## RAUDT VOSS GÅR INN FOR

- gode offentlege tenestetilbod der folk bur
- at det vert lagt til rette for nye bustadfelt utanfor sentrum
- at både Vangen og bygdesentrums i heradet får grøne område, kunstutstymkingar og leikeplassar
- universell utforming av Vangen og andre bygdesentrums, og god tilrettelegging for gåande og syklande
- at Vangsgata på sikt vert bilfri
- å stogga utbygging av nye kjøpesenter
- buplikt i sentrum

## Arbeids- og næringsliv

Det er arbeidarane som skaper dei store verdiane i samfunnet, ikkje arbeidskjøparane. Raudt arbeider for gode arbeidsvilkår - eit arbeidsliv å leva av og med. Det krev solide fagforeiningar, og at arbeidstakarane får større påverknadskraft. Kommunen som arbeidsgjever må gå føre med eit godt eksempel. Det skal vera nulltoleranse for sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i alle verksemder som er leverandørar til Voss herad, og kommunen skal nyttja alle tilgjengelege verkemiddel for å stogga utnytting av arbeidarar også i privat sektor.

Raudt Voss vil vera pådrivar for at næringspolitikken vert ein viktig del av klima- og miljøpolitikken. Heradet må stø lokal utvikling av sirkulær teknologi og økonomi og leggja til rette for etablering av bytebutikkar, bruktbutikkar, reperasjonsverkstader og liknande.

## RAUDT VOSS GÅR INN FOR

- at alle bedrifter oppmodar dei tilsette om å organisera seg, og at Voss herad må gå føre med eit godt eksempel
- at fagforeiningane, og dermed dei tilsette, får meir makt
- at kommunale innkjøp av varer og tenester skal vera avgrensa til leverandørar med landsdekkjande tariffavtale, gode arbeidstilhøve og læreplassar
- at Voss herad berre nyttar overnattings- og serveringsstader med landsdekkjande norsk tariff
- at kommunen vedtek retten til heile stillingar
- at Voss herad gjennomfører forsøk med 6-timars arbeidsdag
- at det vert lagt til rette for mange og gode læringsplassar
- at Voss herad legg til rette for nye, grøne næringsvegar

## Landbruk

Raudt Voss er for eit sterkt landbruk som byggjer på lokale ressursar, og som vert drive innanfor økologisk forsvarlege rammer. Skal ein auka produksjonen av berekraftig mat på lokale ressursar, må ein nyttja alt tilgjengeleg areal. Det krev fleire

gardar, fleire bønder og desentralisering av både matproduksjon og foredling. Til no har utviklinga gått feil veg; arbeidskrafta og lokale ressursar er erstatta av kraftfør og ikkje-fornybare ressursar. Resultatet er at gardar vert lagt ned, beite gror att, kulturlandskapet forsvinn og produksjonspresset på dyra aukar. Dette er ei utvikling som ikkje kan halda fram. Raudt meiner at jord- og skogbruk er viktig for heile samfunnet, for sjølvforsyning og matsikkerheit, for å oppretthalda kulturlandskapet og utnytte ressursane på ein god måte, men óg for busetnad og sysselsetjing.

### **RAUDT VOSS VIL KJEMPA FOR**

- å halda oppe talet på aktive bruk
- auka lønsemd i landbruket
- å auka produksjonen på lokale ressursar
- tiltak for auka utnytting av utmarks- og innmarksbeite
- at jordvern vert strengt handheva
- at det vert gjort ei ny fagleg vurdering av ulike alternativ for nye Bavallsvegen
- auka tilskot til bratt areal og små teigar
- at økologisk landbruk vert oppmuntra gjennom særskilde stønadsordningar
- at Voss herad prioriterer at gardar vert oppretthaldne som sjølvstendige bruk framfor at jorda vert tilleggsjord
- at Voss herad kartlegg og samordnar bruken av tilleggsjord slik at ein unngår lang transport av fôr og gjødsel
- at det vert enklare å setja opp hus nummer to på garden
- auke i statlege stønadstiltak som kompenserer for tap på grunn av at ein held oppe levedyktige bestandar av rovdyr

## **Kommuneøkonomi**

Den norske staten er gigantisk rik. Trass i ein monsterformue held staten fram med å strupa kommunesektoren. Dette har ført til sentralisering, privatisering, konkurranseutsetjing og «effektivisering». «Effektiviseringa» er ikkje anna enn skalkeskjul for brutale nedskjeringar, der resultatet er nedlegging av velfungerande tenester, senka kvalitet og auka stress mellom dei tilsette. Viss heradet vil ha rekruttering og kvalitet, må ein byrja med å handsama dei tilsette som menneske, og ikkje som ting. Dessverre slost ikkje politikarar flest mot denne sparepolitikken ved å krevja realistiske rammer. For å stogga galskapen trengst politisk opposisjon og breie alliansar mellom fagorganisasjonar og dei som er råka.

### **RAUDT VOSS VIL**

- at dei statlege overføringane vert auka slik at dei dekkjer kommunen sine kostnader til lovpålagde oppgåver
- at kommunen vedtek budsjett ut frå innbyggjarane sine behov for tenesteyting. Kravet til budsjettbalanse kan ikkje vera overordna behovet for gode velferdsordningar
- at staten slettar gjelda til kommunen

- at kommunen sin del av skatteinntektene vert kraftig auka
- kjempa mot privatisering og marknadsretting
- at kommunen gjer undersøkingar blant tilsette og brukarar i kommunen for å finna ut korleis tenestene kan bli betre
- at eigedomsskatt på bustader vert utforma med ein målretta sosial profil, gjennom mellom anna botnfrådrag og progressive trinn
- at kommunen skal vera ein aktiv eigar av eigedom og verksemder

## Klima, natur og miljø

Raudt Voss jobbar for ein berekraftig og solidarisk klima- og miljøpolitikk. Me er for eit lokalsamfunn i økologisk balanse, eit lokalsamfunn der naturen sin eigenverdi skal ha prioritet framfor mogleg kortsiktig gevinst. Eit slikt samfunn er ikkje mogleg innanfor dagens økonomiske system, kapitalismen, som er tufta på kontinuerleg vekst. Evig vekst er ikkje mogleg i ei verd der tilgangen på energi og andre ressursar er avgrensa. Derfor må ein samstundes jobba for eit anna økonomisk system. Mange klimatiltak kan ramma skeivt. Raudt Voss er oppteken av at klimapolitikken skal ha ein sosial profil der tiltaka vert utforma slik at ein minskar, og ikkje aukar, skilnadene i samfunnet.

### RAUDT VOSS ARBEIDER FOR

- at flaumvern og klimatilpassingar i Voss herad ikkje skal omfatta utbygging av Raundalsvassdraget
- nei til vindkraftutbygging i Voss herad
- å redusera energiforbruket i Voss herad, anten det er basert på fornybare eller fossile kjelder
- makspris på straum
- at Voss herad nyttar eigarmakta si i BKK til å påverka kraftpolitikken
- at ein del av overskotet i Voss energi vert avsett i eit fond der innbyggjarane i Voss kan søkja om støtte til energieffektiviseringstiltak i private bustader
- at Voss herad står opp om lokal utvikling av sirkulær teknologi og økonomi
- at Voss herad skal stø ordningar som legg til rette for redusert og meir miljøvenleg forbruk slik at folk har lett tilgang til, eller kan starta opp, bytebutikkar, reparasjonsverkstader, bruktbutikkar og liknande
- at det vert lagt til rette for at sykkel kan verta førstevalet for flest mogleg
- å stø kampen for gang- og sykkelveg på Borstrondi
- at det vert billegare å køyre tog, og at kollektivtilbodet i heile heradet skal vera gratis
- å byggja ut kollektivtilbodet til grindene slik at det vert råd å reisa kollektivt
- at det årleg vert lagt fram stipulerte tal som syner kor mykje dei direkte klimagassutsleppa i heradet er redusert
- at Voss herad skal ta omsyn til naturmangfaldet i all arealplanlegging og at jord- og skogvern får høg prioritet
- at kommuneplanen sikrar naturområda og tilgjenge for ålmenta i Bømoen

## Samferdsle

Voss står overfor viktige samferdslepolitiske spørsmål i tida som kjem. Raudt Voss tek klimautfordringane på alvor, og vil prioritera tog og kollektivtransport samstundes som me står fast på krava om auka trafikktryggleik.

### RAUDT VOSS VIL JOBBA FOR

- gratis kollektivtilbod i heile kommunen
- at kollektivtilboden til alle grindene vert bygd ut slik at det er mogleg å reisa kollektivt
- at det vert billegare å køyra tog
- at det vert lagt til rette for at sykkel kan verta førstevalet for flest mogleg
- gjennomføring av K5-alternativet etter NTP, utan utsetjing
- oppgradering av Hardangervegen til fullverdig tofeltsveg

## Helse og omsorg

Raudt Voss vil at ordinære helsetenester og førebyggjande tilbod skal vera tilgjengelege på lik line for alle i kommunen. Me vil kjempa for eit offentleg finansiert og styrt helsevesen og ein heilskapleg helse- og omsorgspolitikk, med auka satsing på helsefremjande tiltak og førebyggjande arbeid. Etter vårt syn heng tenestemottakarane sin trivsel og tryggleik saman med helse og omsorgsarbeidarane sine arbeidstilhøve. Raudt Voss meiner derfor ein må auka talet på tilsette i denne sektoren. For å sikra at tenestene held ønska kvalitet for både tilsette og tenestemottakarar, må heradsstyret ha innsyn i utviklinga innan helse og omsorg.

### RAUDT VIL ARBEIDA FOR

- auka bemanning i heile helsesektoren for å sikra gode arbeidstilhøve og rekryttering
- at budsjett og årsmelding for Voss herad skal oppgje parametrar for pleietyngd, dekningsgrad, pleiefaktor og bemanningsfaktor
- gode, individuelle tenester for menneske med nedsett funksjonsevne og andre som treng tenester
- å styrka brukarmedverknad og livskvalitet for menneske med nedsett funksjonsevne gjennom betre tilbod om avlastning, dagtilbod og annan aktivitet, tilrettelagt arbeid og bustader med ulike buformer
- at Voss herad innfører ei prøveordning med 6-timars arbeidsdag i helse- og omsorgssektoren
- monaleg utbygging av sjukeheimspllassar og eldrebustader
- å styrka brukarmedverknaden
- å oppretthalda legekontoret i Granvin
- at ingen skal måtte bu på dobbeltrom mot sin vilje
- å fjerna eigendelen på alle helsetenester, også til skyss på dagtilbod

- å fjerne eigendel på hjelphemiddel frå Hjelphemiddelsentralen
- gratis tannhelsetilbod

## Barnehage og SFO

Raudt Voss vil ha profitfri velferd. Alle barn, uavhengig av inntekta til foreldra, har krav på ein god utdanning og trygg oppvekst, og me meiner derfor at barnehagen skal vera offentleg og gratis. Heile barnehagesektoren må styrkast. Det er stor trøng for å auka talet på tilsette med ulike typar fagutdanning, som gjev offentleg tilsette trygge stillingar og eit godt arbeidsmiljø. Velferdsprofitørane legg press på kvaliteten og arbeidstilhøva. Raudt Voss vil derfor at kommunen kjøper private barnehagar for drift i eigen regi.

### RAUDT VOSS KREV

- at det vert innført gratis barnehage
- at opptaksordninga sikrar alle barn barnehageplass i nærmiljøet etter foreldrepermisjon
- ein bemanningsnorm med minimum ein tilsett per høvesvis 3 små barn og 6 store barn, som gjeld heile opningstida, heile veka, heile barnehageåret og på alle avdelingsnivå
- at alle tilsette i SFO og barnehagar, uavhengig av utdanning, skal ha landsdekkjande tariffavtale
- at private barnehagar skal følgja landsdekkjande tariffavtale og ha pensjonsavtale som er like god som kommunen sine barnehagar
- at kommunen skal kunna stilla krav til dei private barnehagane med omsyn til bemanning og pedagogettleik

## Skule

Raudt Voss vil arbeida for at skulen skal vera offentleg og at heile sektoren vert styrka. Skulevesenet må setja kunnskap i høgsetet, og det må verta slutt på straumen av detaljstyrande vedtak ovanfrå. Nyliberalismen har ført til utdanningsreformer som øydelegg kvaliteten på opplæring og oppseding. Kunnskap er redusert til teknisk kompetanse, handling til manipulerbar åtferd, elevar til økonomiske innsatsfaktorar og kultur til kostnadstung umelempa. Raudt Voss er sterkt imot denne tendensen. Skulen sitt mål må vera å danna elevane til kritiske og handlingsdyktige menneske.

### RAUDT VOSS VIL ARBEIDA FOR

- einskapsskulen og grenanskulane
- at skulen skal vera offentleg og gratis
- gratis SFO frå 1. til 4. klasse
- at det vert kjøpt inn nok lærermiddel, både digitale og fysiske, og at desse er tilgjengelege på både nynorsk og bokmål

- ein bemanningsnorm som sikrar tilsette, elevar og leiringa gode arbeidsvilkår
- at Voss herad har statistikk som synleggjer elevane sin trivnad og trong for tilpassing, og omfanget av ufrivillig skulefråvær/«skulevegring»
- styrka tilbod om etter- og vidareutdanning
- eit rapporteringssystem som synleggjer bruken av ufaglærte som vikarar
- sentrale lønsoppgjer for lærarane
- ein livssynsnøytral skule

## Ungdom

Ungdom treng stader å vera og stader å utfalda seg. Men ungdommen utgjer ei stor og samansett gruppe. Raudt Voss meiner at tilboda i kommunen må spegla dette, og at det vert lagt til rette for interessene og hobbyane til ungdommane, kulturuttrykket deira og eigenorganisering.

### RAUDT VOSS VIL ARBEIDA FOR

- at Voss herad legg til rette for aktivitetar som gjer at ungdom kan utfalda seg på sine eigne premissar
- at ungdommen sjølv kan få styra ein større del av fritida si gjennom sjølvstyrte ungdomshus på ulike stader i heradet
- eigna lokale for ungdomsorganisasjonar og ungdomsparti med moglegheit for møte og sosiale arrangement
- ein offentleg regulert maksimalpris å betala for barn og unge som ønskjer å ta del i organiserte fritidsaktivitetar
- styrking av tilbod om helse-sjukepleiar-, miljøarbeidar- og psykologtenester i den vidaregåande skulen
- gratis prevensjon og mensprodukt

## Sosialsektoren

Dei økonomiske og sosiale forskjellane i Noreg aukar, og forskjellsksira rammar vanlege folk. Dette er eit strukturelt problem, som også rammar folk på Voss og som fører til utanforskap og andre problem, ikkje berre for einskildindividua, men for heile samfunnet.

### RAUDT VIL ARBEIDA FOR

- at satsane for økonomisk sosialhjelp til livsopphald skal minst følgja SIFO sitt referansebudsjett
- at NAV-kontora skal vera opne og tilgjengelege
- å sikra at heradet sine velferdstilbod er kjende for innbyggjarane

## Bustadpolitikk

i dag er det ikkje nok rimelege bustader i Voss herad, korkje på leige- eller eigarmarknaden. Det er heller ikkje nok kommunale bustader til innbyggjarar som,

av ulike grunnar, treng hjelp av kommunen til å finna ein plass å bu. Raudt Voss krev at kommunen skal ha ein aktiv og sosial bustadpolitikk som sikrar eit tilstrekkeleg tal kommunale bustader.

#### **RAUDT VOSS VIL JOBBA FOR**

- at Voss herad greier ut moglegheiter for å starta leige-til-eige-prosjekt
- at Voss herad byggjer eller kjøper fleire kommunale bustader for å sikra alle i heradet ein stad å bu
- at husleiga på kommunale bustader ikkje skal fylgja marknaden, men vera prisa lågare enn andre utleigebustader
- ein sosial bustadpolitikk som bidreg til å halda bustadprisane på eit lågare nivå
- å unngå at bustader i sentrum vert nyitta som hytte ved å innføra buplikt i sentrum

#### **Internasjonal solidaritet**

Sjølv om me no har eit kommune- og fylkestingsval, meiner Raudt Voss at me alle må løfta blikket og sjå lenger enn til våre eigne grenser. Voss herad skal vera ein kommune som syner solidaritet med menneske som lid. Det er naudsynt å knyta kontaktar med andre folk og kulturar, også på kommunenivå.

#### **RAUDT VOSS ARBEIDER FOR**

- kommunal boikott av varer frå Israel, det okkuperte Vest-Sahara og andre folkerettsstridige okkupasjonar
- at Voss herad tek initiativ til ein venskapsby-avtale med ein palestinsk by

#### **Antirasisme, innvandring og inkludering**

Raudt Voss vil jobba for at Voss herad skal føra ein offensiv innvandringspolitikk der solidaritet, humanisme og inkludering må vera styrande. Godt lokalt integreringsarbeid heng sterkt saman med eit godt tenestetilbod til alle innbyggjarane i kommunen. Derfor må kommunen sitt tenestetilbod på integreringsfeltet verta styrka. Arbeidsplassen, skulen, barnehagen og samfunnet elles må vera ein naturleg møteplass som inkluderer minoritetar og innvandrarar.

#### **RAUDT VOSS ARBEIDER FOR:**

- at Voss herad sitt tenestetilbod på integreringsfeltet verta styrka
- at kommunen skal jobba for at introduksjonsprogrammet og norskopplæringa skal ha samfunnsdeltaking og arbeid som like sentrale mål
- at gratis opplæringstilbod i regi av frivillige vert støtta og styrka
- at det vert lytta til fagfolk og fagforeiningar i avgjerder som vedkjem integrering og språkopplæring

- at arbeidet med arbeidsinkludering bør ha som mål at folk skal ha jobb, ikkje berre arbeidstrening
- å få på plass ein handlingsplan mot rasisme og etnisk diskriminering
- at papirlause flyktningar skal ha lik tilgang som alle andre til kommunale tenester

## Feminisme og kvinnekamp

Kvinnekamp er klassekamp. Raudt arbeider for reelt demokrati og eit sosialistisk samfunn, med likestilling mellom kvinner og menn på alle område. Kvinner og menn må vera likt representerte i organ som tek avgjerder som gjeld alle i heradet. Kvinner kjempar for frigjering over heile verda. Strukturelle skilnader på grunn av kjønn, skapar ei skeiv fordeling av makt i samfunnet og står i vegen for fridom for alle. Raudt står ein feminism som kan skapa fridom for alle, er solidarisk, antikapitalistisk og antirasistisk.

For Raudt Voss er det avgjerande at både kvinner og menn skal vera økonomisk sjølvstendige. Menn tener framleis meir, har fleire og høgare posisjonar og meir makt enn kvinner. I arbeidslivet har kvinner i større grad tvungen deltid. Ein sterk offentleg sektor med gode velferdsordningar er ein føresetnad for at det skal verta mogeleg for kvinner å velja heiltid. Det er også heilt naudsynt at samfunnet tek trakassering, vald og valdtekst på alvor. Vald mot kvinner er til hinder for retten til liv, helse og fridom. Raudt arbeider for eit samfunn der alle har rett til å leva eit liv som økonomisk sjølvstendige personar med kontroll over eige liv, kropp og seksualitet, utan frykt for vald og overgrep.

### RAUDT VOSS VIL ARBEIDA FOR:

- gradvis innføring av 6-timars arbeidsdag med full lønskompensasjon – gå inn for prøveprosjekt i heradet
- lovfesta rett til heiltid
- at politiet og rettsvesenet prioriterer trakassering og valdtekstssaker og handlar raskt i desse sakene
- styrking av helsestasjonane slik at det er nok ressursar og kunnskap til å betra kvinnehelsa og å styrke svangerskaps- og barselsomsorga
- ammerom på alle offentlege arbeidsplassar
- tilgang til gratis prevensjon
- at arbeidet mot seksuell trakassering og overgrep vert inkludert i HMS-arbeidet i heradet
- å styrka den obligatoriske undervisninga i skulen om kjønnsroller, grensesetting, seksualitet og vald
- gratis barnehage og SFO

## Skeiv politikk

Raudt Voss jobbar for eit ope og inkluderande samfunn der alle kan vera seg sjølve. For at kommunen skal vera ein god kommune å leva i, uansett kjønn, kjønnsuttrykk, relasjonspreferanse eller seksuell orientering, må kommunen ta initiativ til at det vert laga ein plan for kjønns- og seksualitetsmangfald.

### RAUDT VOSS VIL JOBBA FOR

- at alle nye offentlege bygg, og bygg som skal restaurerast, skal ha kjønnsnøytrale garderobefasilitetar med enkeltbåsar for toalett, dusj og garderobe
- å auka kunnskapen og innsikta om kjønns- og seksualitetsmangfald hjå alle som arbeider med barn og ungdom
- at lokale organisasjonar som arbeider for LHBT+ - rettar vert støtta og synleggjort
- at skuletilsette skal bidra med haldningsendrande arbeid som kan gje barn og unge eit opnare syn og ein tryggare identitet

## Kunst og kultur

Raudt Voss oppfattar kultur som eit samleomgrep for alt som omfattar mennesket sine åndelege og materielle aktivitetar. Kultur gir sosialt fellesskap. Kunnskap om, og deltaking i kulturelle aktivitetar styrkar demokratiet og folk sine moglegheiter til å endra samfunnet. Derfor ynskjer Raudt Voss auka satsing på kultur.

### RAUDT VOSS GÅR INN FOR

- å vidareføra og vidareutvikla ordninga med aktivitetskort som gir gratis eller rabattert tilgang for barn og unge til kulturaktivitetar
- at det vert lagt til rette for ungdomsaktivitetar på ungdommen sine premissar
- støtte til uorganiserte aktivitetar
- at kulturhuset vert tilgjengeleg for både organiserte og uorganiserte aktivitetar
- utvida opningstider og auka moglegheit for sjølvbetening i biblioteket
- å styrka kulturskulen gjennom større breidde i tilbodet, desentraliserte tilbod i heile heradet og fleire elevplassar
- lågare foreldrebetalning, syskenrabatt og friplassar i kulturskulen
- auka løyingar til frivillige kulturinstitusjonar og idrettslag
- å auka faste bidrag til orkesteret Fossegrimen
- å stø det vidare arbeidet med å etablera Bergslien kunstsenter

# **VELFERD OG FRIDOM FOR FOLK FLEST!**

## **GODT VAL - RØYST RAUDT!**



### **VER MED PÅ LAGET**

Scan QR-koden med mobilén eller sjå [raudt.no/bli-medlem](http://raudt.no/bli-medlem) for å melda deg inn.

### **FØLG OSS PÅ FACEBOOK**

 [facebook.com/raudtvoss](https://facebook.com/raudtvoss)

